

ISRAEL

av

MAGNE SOLHEIM

Opplysningstida og Den franske revolusjon sette djupe merke i Europa og ikkje minst i jødeverda. — Ghettoen*, der jødane måtte bu, hadde ikkje berre synlege grenser men også ein usynleg dobbelmur. Det ytre laget i denne muren var bygd av serlover og forordningar som dei «kristne» laga for jødane, men det indre laget i muren var bygd av tusental av bod og forbod henta frå Moselova og dei gamles vedtekter. Då det ytre laget i denne muren tok til å falla, og jødane i land etter land i Vest-Europa litt etter kvart fekk jamstelling med sine medmenneske, tok også det indre laget i muren til å ramla. Jødane raka av seg skjegget, klypte bort dei lange hårkrøllene ved øyro og kledde seg slik som moderne europearar. Dei tok til å høyra meir på moderne filosofar og vitskapsmenn enn på sine eigne rabbinarar. Snart vart dei talrike ved universitet og høgskular, og i mange land vann dei seg namn både som vitskapsmenn, forfattarar og kunstnarar. Jødane som på ein sereigen måte hadde vore «Boka sitt folk», tok til å verta «bøkenes folk», og mange vart slik som deira medmenneske i Vest-Europa, moderne kulturheidningar.

Men i Aust-Europa var det annarleis, serleg der den russiske tsaren rådde. Der var der ingen tale om fridom, likskap og brorskap. Der høyrde pogromar (nedslakting av jødar) med til det normale liv. I tsar-riket levde omlag halvparten av alle jødar i verda, men skruklemma vart stadig skrudd fastare og fastare

* Om ghetto høyrer ein første gongen i 1090 i Venedig og Salerno. Det var serlege kvarter der jødane fekk lov til å bu. I slutten av det 18. århundre vart ghettoen i det store og heile oppheva i Vest-Europa.

om jødane der. Dei fekk tilvist ymse område der dei fekk bu og vart stua saman på umenneskeleg vis. Dei var ein paria-klasse som korkje fekk røra seg fritt eller livnæra seg fritt og det var ikkje mange som fekk nytta godt av den høgare ut-daning. I slutten av det 19. århundre kom ein god rådgjevar til tsaren, — han var også formann i den heilage synoden i den russiske ortodokse kyrkja, — med ytringar om at jødespørsmålet i tsar-riket kunne løysast på fyljande måte: Ein tredjedel av jødane skulle ein driva ut or landet, ein tredjedel kunne svelta ihel, ein tredjedel skulle tvingast til å la seg døypa.

Dåpen vart rekna som ein sikker veg til heil og full assimila-sjon. Den ortodokse kyrkja sitt dåpsrituale for jødar seier tydeleg frå kva kyrkja ventar av den jødiske dåpskandidaten. Han vert spurt om han forbannar alt som har å gjera med den jødiske Gud og den jødiske læra, og han må svara at han ikkje berre avviser alt som har med jødisk tru å gjera, men at han også forbannar det jødiske folk, deira lære og skikkar, og han må lova å forbanna og spytta på alt som har med det jødiske folk å gjera.

I siste halvta av førre århundre og heilt til den russiske revolusjonen gjekk det frå tsar-riket ein straum av jødar vest-over til den frie verda, serleg til Amerika og England. Største-parten av dei amerikanske jødar, store deler av dei engelske jødane, og jødar i mange andre land ættar frå Russland.

Men i 1880-åra og framover hende noko utanom det vanlege. Jødar frå Russland og Aust-Europa tok til å reisa til Palestina for å bu og byggja der. Mang ein jøde hadde teke vandrings-staven når døden nærma seg for å døy og verta gravlagd i Det Heilage Landet. På Oljeberget er det ein stor jødisk kyrkje-gard der jødar som kom «heim» for å døy vart gravlagde. Når Messias kom, skulle han syna seg på Oljeberget og dei skulle stå opp og helsa han velkomen. Men no tok unge idealister til å reisa til Det Heilage Landet for å ryddja og byggja der. Dei spurde seg sjølv: «Kvifor skal vi vandra som framande fra land til land? Kvifor ikkje byggja opp vårt gamle fedreland?»

Når ein les i dei jødiske bønnebøkene, ser ein at jødane har

hatt eit «sentrum» jamvel om dei har vore spreidde over heile verda. Jødane har vandra gjenom verda med andletet vendt mot Jerusalem. Dei har helsa kvarandre på høgtidsdagane med: «Neste år i Jerusalem!» Orda frå Salme 137, 5: «Gløymer eg deg Jerusalem, så gjev mi høgre hand må gløyma meg,» var ikkje tomme ord for den vandrande jøde. Men i sine daglege bønner i synagogen seier også jødane at det er for deira synder skuld at dei er spreidde utover jorda og at dei ikkje har korkje tempel eller presteskap og såleis ikkje kan tena gud slik som dei skulle. Men etter gamal jødisk tru så er det berre Gud sjølv som kan samla sitt folk i det lova landet, og det skal han gjera når Messias kjem. Det nye og revolusjonære som hende mellom dei underkua jødane i Aust-Europa var at røyster heva seg og forkynte at dei ikkje kunne sitja med hendene i fanget og venta på Messias, men at dei sjølv måtte ta fatt. Røystene frå Russland gav atterljom i mange jødiske hjarto i verda. Men vegen fra Aust-Europa til det lova landet var ikkje lett, og livet i det nye landet var ein kamp med fattigdom, sjukdom og naud. Dei fleste som kom dit, var ikkje trenna til det nye harde livet og heldt på å gå til grunne. Men ved hjelp frå den rike baron Edmond de Rothschild i Paris kunne dei nye kolonistane kjøpa jord og slå seg gjennom. Frå 1882—1903 kom det 25 000 jødar frå Aust-Europa til Palestina og det levde jødar i 30 jordbrukskoloniar, men storparten av nykommarane hamna i byane. Den nye rørsla som gjekk under namnet «Chibat Sion» (Kjærleik til Sion) hadde ikkje den naudsynlege organisasjon og kapital bak seg til å gjennomføra dei store planane dei hadde.

Når ein kjem til Israel i dag med båt eller fly, så kan ein ikkje la vera å leggja merke til bilete av Theodor Benjamen Herzl. Hans bilete heng både i hamna og på flyplassen og ellers på mange andre stader i landet. Herzl vert rekna som far og grunnleggjaren av staten Israel. Han var fødd og oppvaksen i Budapest, men 18 år gamal kom han til Wien. Han studera juss, men vart forfattar og journalist. Han var moderne europear og avviste alle nasjonalistiske idear om eit jødisk fedre-

land i Palestina. Men så kom det store sjokket. Som journalist for et Wiener-blad opplevde han Dreyfus-prosessen i Paris. Ein fransk generalstabskaptein av jødisk ætt vart skulda for å ha utlevera løynlege militærdokument til Tyskland. Dreyfus vart i 1894 dømd til livsvarig fengsel og deportera til Djeveløya, men dermed var ikkje saka ute av verda. Dreyfus-prosessen sette Frankrike og heile den sivilisera verda i brann. I 1906 vart saka endeleg teken opp att og Dreyfus frifunnen. Herzl som fylgde prosessen var overttydd om at Dreyfus var uskyldig. Det var ikkje noko konkret materiale å byggja skuldingane på. Det sjokkerte Herzl at noko slikt kunne henda i Frankrike, og han vart skremd av det utøymde jødehatet som vart piska opp.

Gjennom Dreyfus-prosessen vart det jødiske problem ein uhyggeleg realitet for Herzl. Dag og natt grunna han på dette, og resultatet vart ei lita bok «Der Judenstaat» (Jødestaten). Boka kom ut i 1896 på fleire språk. Herzl tek her til orde for at jødane må verta eit sjølvstendig folk og ha sitt land som andre folk. Antisemittismen vil leva så lenge jødane lever spreidde mellom folka, seier han. Antisemittismen kan ikkje utrydjast sjølv om jødane assimilerar seg aldri så mykje. Men eit fritt jødisk folk i sitt eige land vil verta til lukka både for jødane og resten av verda.

Boka vart møtt med kraftige protestar. Dei ortodokse jødane protestera fordi Herzl hadde teke seg eit mandat som hørde Messias til. Jødane i den frie verda protestera fordi det var dårskap å tenkja på ein jødisk nasjonalstat no då dei hadde fått rett til å leva som frie menneske. Dei burde heller kjempa for full likestilling over alt i verda. Men mellom dei undertrykte jødar i Aust-Europa gav Herzl si bok atterljom i mange hjarto.

Eg skal ikkje her gå nærare inn på sionismen si saga, men berre kort summera opp den vidare utvikling. I 1897 vart den første sionist-kongressen halden i Basel i Sveits. (Kongressen skulle haldast i München, men dei tyske jødane fekk forhindra det.) Det møtte fram 204 jødar frå mange land. Der vart

sionismen sitt program forma: «Sionismen strevar etter å skapa ein offentleg, rettsleg heim for det jødiske folk i Palestina.»

Herzl var og vart den drivande kraft bak organisasjonen. I 1899 vart den jødiske nasjonalbanken grunna i London og i 1901 vart det jødiske nasjonalfondet skipa. Det skulle skaffa midlar til å kjøpa jord i Palestina. Heilt til staten Israel vart proklamera måtte jødane kjøpa kvar meter jord dei ville ha.

Herzl tala sionismen si sak hjå dei mektige i verda, — hjå sultanen i Konstantinopel, hjå den tyske keisaren og mange andre. Han døydde i 1904 44 år gamal, men sionismen levde vidare. — To menn har på serleg måte vore sionismen sine faneberarar: Den vidgjetne vitskapsmannen Chajim Weizmann. Han var frå Russland og vart sionismen sin talsmann ute i verda. Han vart vald til den første president i Israel i 1948. Den andre er David Ben Gurion. Han er frå Aust-Polen som var innlemma i tsar-riket. Han har på ein serleg måte vore sionismen sin arkitekt i Palestina.

I første verdskrigen vann sionismen ein stor siger. Den 2. nov. 1917 sende den britiske regjeringa ut den såkalla Balfour-deklarasjonen der det vart sagt: «Hans majestets regjering ser med velvilje på at det vert oppretta ein nasjonalheim for jødane i Palestina og vil gjera sitt beste til å gjennomføra denne planen». Seinare vart denne deklarasjonen stadfesta av Frankrike og Italia (1918) og Amerika (1922). I 1922 gav Folkeforbundet England mandatmakt over Palestina og samstundes i oppdrag å gjennomføra Balfour-deklarasjonen.

Det vart inga lett oppgåve for England og balansera mellom jødar og arabarar i Palestina. — Hitler sette den jødiske verda i rørsle som aldri før. På samme tid sette han også arabarane opp både mot engelskmennene og jødane. Folk som aldri hadde tenkt på å slå seg ned i Palestina banka no i si naud på «Sions portar», men oftast utan å få komma inn.

Frå 1920—1939 auka det jødiske folketall i Palestina med 316 000 menneske, men ein reknar med at omlag 300 000

arabarar vandra inn i Palestina fra dei arabiske grannestatane på same tid. Grunnen var at den jødiske innvandring skapte betre økonomiske kår på mange måtar.

Etter siste verdskrigen var det fleire hundre tusen jødar som levde som flyktningar i Europa. Mange av dei var restar etter Hitlers dødslægrar. Med makt banka dei no på «Sions portar», men svaret var nei. Engelskmennene hadde all grunn til å freista å styrkja sin vaklande posisjon i Mid-Austen, og dei kunne ikkje vinna arabarane og samstundes seia ja til jødane (at dei ingen ting oppnådde hjå arabarane er ei anna sak.) Det vart no sett hardt mot hardt både frå jødisk og engelsk side. Til sist såg England seg ikkje i stand til å oppfylla si oppgåva som mandatmakt, og våren 1947 sa den britiske regjeringa frå til FN at den ville leggja ned sitt mandat i Palestina. (Palestina aust for Jordan var alt av England gjort til ein sjølvstendig stat under namnet Transjordania). FN nemnde så opp ein komite som skulle granske tilhøva i Palestina. Komiteen kom med ei tilråding til FN at landet skulle delast. Den 27. nov. 1947 vedtok FN's generalforsamling med stort fleirtal at Palestina skulle delast i ein arabisk og ein jødisk stat som skulle leva i økonomisk union seg imellom. — Jerusalem, Betlehem og dei heilage stader skulle vera eit serleg område under FN's administrasjon.

Sionistane godtok dette vedtaket, men dei arabiske statane sa frå om at dei aldri ville godta denne løysinga. Enno medan engelskmennene var i landet gjekk arabarane til åtak på jødane. Det budde omlag 630 000 jødar i landet med stort og smått, men dei hadde ingen organisera her. Korleis kunne dei greia seg mot 40 millionar arabarar jamvel om deira militærmakt ikkje var noko å skryta av? — Det vert fortalt at like før England skulle nedleggja sitt mandat den 14. mai 1948, kalla den dåverande amerikanske utanriksministaren, general Marshall, ein av dei sionistiske representantar til seg. (Den noverande rektoren ved Det hebraiske universitetet.) Han synte han eit kart og forklåra at situasjonen for jødane var vonlaus. For framfor dei låg havet og bak dei sto arabarane. Likevel var

staten Israel proklamera om kvelden den 14. mai, men han var ikkje tiltenkt mange dagane. Jødane skulle jagast på sjøen under ville masakrar, lydte parolen som den arabiske ligaen sende ut. Men jødane vart ikkje jaga på sjøen. Tvert-om, etter ville, men vonlause åtak på Israel måtte fienden gje opp og ved FN's hjelp kom det i stand våpenkvile. Grensene vart dregne opp der armeane stod, men det var grenser mellom folk som gjekk til våpenkvile, og freden og dei endelege grensene skulle koma seinare. Men landegrensene som ofte kan synast å vera laga mot all «sunn fornuft» har vorte ståande til denne dag. Jerusalem er delt i to.

Stadig på ny proklamerar den eine eller den andre av førarane i dei arabiske landa at Israel skal slettast ut av kartet osv. På arabiske kart eksisterer ikkje Israel, men i staden for Israel står det «Okkupera arabisk område». Men kven av dei arabiske statane dette området skal tilhøyra er dei arabiske statsmenn ikkje samde om. Transjordania greidde å okkupera så mykje av Vest-Palestina at det måtte skifta namn og kalla seg Kongedømet Jordan i staden for Transjordania. På ein stad på Saronsletta går grensa berre 17 km. frå havet. — Ordet at bak jødane står arabarane og framfor dei ligg havet, er sant den dag i dag. Israel er blokera frå alle sider til lands. Suezkanalen er mot FN's vedtak stengd for Israel. Israel står under nådelaus boikott av arabarstatane som sett skip som går på Israel på svartelista og freistar å boikottera firma som handlar med Israel.

Eit nytt uhyggeleg problem har kome som fylgje av den arabisk-jødiske konflikten. — Alt før staten Israel vart proklamera, hadde store deler av arabarane flykta frå hus og heim i mandatområdet. Dei arabiske statsmenn og herførerar gav dei ordre om å forlata landet for kort tid, så dei kunne få frie hender i krigen med jødane. — Kor mange flyktningar det var, har aldri vorte heilt fastsett, men FN's «Economic Survey Mission» fann ut at det var 757 000 flyktningar som levde i Egypt, Jordan, Syria og Libanon. Desse flyktningane var no

på den andre sida av grensa då det kom i stand våpenkvile. Dei fleste lever enno i flyktningslæger og FN og ymse hjelpeorganisasjonar må underhalda dei. Fødselsoverskotet har vore 20—30 000 for året, så talet på flyktningane veks frå år til år, og ein ny generasjon av unge har vakse opp utan å kunna gjera eit dagsverk. Arabarstatane har til denne tid nekta å diskutera alle planar om å busetja flyktningane i sine land. Dei skal tilbake til Israel, men Israel skal heller ikkje eksistera. — Israel på si side seier at dei ikkje kan ha ansvaret for folk som har rømt til fiendtleg område, men dei har all interesse av å slutta fred med arabarstatane og på fredeleg måte løysa alle tvistemål.

(Forts.)